



## Vest-Telemarkrådet

# INNKALLING TIL RÅDSMØTE

**Til:** Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark  
**Dato:** Tysdag 2. februar 2021 kl.10.00  
**Stad:** Teams

Kviteseid, 26. januar 2021

## SAKLISTE

- |         |   |
|---------|---|
| 01/2021 | Referat førre møte  |
| 02/2021 | Referatsaker<br>1. Søknadsinvitasjon projektskjønnsmidlar 2021  |
| 03/2021 | Orienteringar<br>- Felles reiselivsstrategi ved Anne Aasmundtveit<br>- Søknad til TUF om støtte til Bø veka- møteplass for distriktsutvikling |
| 04/2021 | Høyringsuttale til ny fylkeskommunal kulturstrategi   |
| 05/2021 | Vi har ingen fleire å miste (handlingsplan)   |
| 06/2021 | Teamsmøte med Telemarksbenken   |
| 07/2021 | Desentralisert avhøyr av barn   |
| 08/2021 | Eventuelt   |

Venleg helsing

*Jarand Felland, regionordførar*

*Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar*

**Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet tysdag 17. november 2020 kl. 10.00 – 15.00**  
**Stad: Granvin kulturhus**

**Tilstades:**

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland  
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme  
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven  
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide  
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen  
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog  
Leiar i rådmannsutval og rådmann i Vinje Jan Myrekrok  
Rådmann i Tokke John Kleiv  
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter  
Kst. rådmann i Seljord Frid Berge  
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen  
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit  
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal  
Samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland  
Midt- og Vest-Telemark lensmannsdistrikt; lensmann Sigrid Dahl, politikontakt Bjørn Håvard Olsen og politibetjent Trond Neri Flothyl

Jarand Felland ynskte velkomen og stilte spørsmålet om det var kommentar til innkalling og sakliste

Beate Marie Dahl Eide etterspurte småbruksprosjektet, og kva årsaka var til at denne ikkje sto på sakslista til dagens møte. Eide uttrykte uro for forseinking av prosjektet, og meinte saka bør behandlast i rådet før den går som sak til tinget.

Regionordfører opplyste om at det er ein prosess om innhaldet i saka, og at ein må vurdere korleis ein behandlar saka på hensiktsmessig måte. Saksliste til tingmøtet skal handsamast seinare i ei seinare sak.

**47/2020**            **Referat førre møte**  
**Vedtak:**            **Referat frå rådsmøtet vart godkjent**

**48/2020**            **Referatsaker**

1. Tilsegn om kr 5, 7 mill til *Kompetansepilot i øvre Telemark*
2. Tilsegn om kr 1 mill til *Aktivitetstiltak for å motverke einsemd hjå eldre i Vest-Telemark*
3. Tilsegn om kr 600' til *Aktivitetstilbod og besøksvert i sjukeheim og omsorgsbustad*

Regionrådsleiar gjorde kort greie for referatsakene.

**Vedtak:**            **Referatsakene vart tatt til vitande**

**49/2020**            **Orienteringar**

**1. Velferdsteknologiprojekt ved Kari Gro Espeland**

Samhandlingskoordinator ga ei statusoppdatering i velferdsteknologiprojektet der målsettinga er at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av helse- og omsorgstenestene i Vest-Telemark. Det inneber at dei som søker om kommunale tenester får vurdert om velferdsteknologi kan vere eit verkemiddel for å gje eit betre tilbod.

Fokus på 5 teknologiar; Mobile tryggleiksalarmar, GPS, elektronisk medisineringsstøtte, digitale tilsyn, og stille sjuke signalanlegg.

Status i prosjektet:

- Utarbeida felles kriteriar for tildeling av velferdstenester
- ROS-analyser og personvern
- Forankring og opplæring
- Registrering av tidsbruk i heimetenesten (M Solutions)
- Jobbar med utrulling av dei ulike teknologiane.

## **2.Ressursteam ved Jarand Felland og Øystein Tveit**

Regionordfører gjorde kort greie for saka. Saka om ressursteam er til behandling i kommunane. Det har kome reaksjonar på at foreslått lokalisering av teamet er i Notodden.

Øystein Tveit orienterte om bakgrunnen for sak som er barnevernsreforma 2022. Samarbeidsprosjekt 12 (seinare 11) kommunar, initiert av barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. 11 av kommunane ynskjer å gå vidare med etablering av eit ressursteam. Ulike høve knytt til lokalisering er vurdert. Arbeidsgruppa har lagt fram saka, med ei tilråding. No må saka avklarast politisk. Tveit er oppteken av å få etablert ressursteamet så raskt som mogleg.

### ***Innspel i møtet:***

**Bjørn Nordskog:** Samarbeidet vi har i Vest-Telemark skulle tilseie lokalisering hit. Kviteseid og Seljord har gjort eit anna vedtak enn dei andre kommunane i 11 k-samarbeidet med unntak av Hjartdal som handsamar saka i desember der framlegget er støtte til lokalisering Notodden.

**Beate Marie Dahl Eide:** Saka burde vore drøfta grundigare i rådet. Eit vertskommunesamarbeid stiller krav til involvering av dei andre kommunane. Det er VT-samarbeidet som har kompetanse i forhold til samarbeid og lange avstandar. Når ein les saka og vedlegget, er det lite objektivt sett som skulle tilseie lokalisering på Notodden.

**Jarand Felland:** Det svake punktet i denne saka er forankringa. Lokalisering burde vore drøfta politisk tidlegare. Denne saka i ein større samanheng handlar om fordeling av offentlege arbeidsplassar.

**Jon Rikard Kleven:** Dette skulle ha vore avklara lenge før, det er ikkje rett å gjera det no som det har gått så langt. Notodden og Kviteseid skulle ha blitt samde seg imellom slik som t.d. Vinje og Tinn i lokalisering av Kraftkompetanse KO.

**Erik Skjervagen:** At vi har eit regionalt samarbeid her er det fremste argumentet for å lokalisere ressursteamet til Vest-Telemark.

**Halvor Homme:** For seint å ta den omkampen no. Oppmodar om å ikkje forsinke prosessen.

**Jarand Felland:** For dårleg forankra, saka skulle ha vore politisk presentert på eit tidlegare tidspunkt.

**Bjørn Nordskog:** Det er teke kontakt med Notodden. Vi må ha ein politisk prosess for å løyse dette. Tilbodet til borna må på plass, det er det viktigaste.

Regionordfører og ordfører i Kviteseid tek eit politisk initiativ overfor dei andre kommunane.

### **3. Haldningsendring – Vi har ingen fleire å miste – ved Sigrid Dahl, lensmann i Midt- og Vest-Telemark**

Bakgrunnen for Sigrid Dahl sitt ynskje om debatt i Vest-Telemarkrådet er at Vest-Telemark har jamnlege dødsulykker der unge er involvert.

- Må jobbast heilskapeleg, førebyggjande og haldningsskapande
- Visjon: Null antall skadde og drepte ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark.
- Felles handlingsplan. Forankring i rådet og kommunane, med ungdommen og frivillige organisasjonar, med konkrete tiltak, retta mot alle generasjonar.
- Mobilisere den tause majoritet, dei som ikkje seier ifrå mot lovbrøt.

**Vedtak:** *Administrasjonen og AU jobbar vidare med tema om haldningsendring, og førebur ei sak til rådet i 2021.*

#### **51/2020 Medfinansiering av DigiTV**

Regionrådsleiar la fram saka.

Beate Marie Dahl Eide ba styremedlem Jan Myrekrok gjere greie for arbeidet i DigiTV.

Jan Myrekrok la fram målsettingane i arbeidet.

Kommunane som i dag nyttar ASPIT gjev seinast 10. januar signal om ein ynskjer å diskutere utvikling av ITdrift på neste rådsmøte.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet løyver kr. 125.000,- i tilskot til forprosjektet til DigiTV. Tilskotet vert dekt inn av unytta lønsmidlar på digitaliseringsprosjektet 1130.*

#### **50/2020 Framlegg til budsjett 2021 for Vest-Telemarkrådet**

Regionrådsleiar la fram budsjettet.

#### **Endringsforslag:**

Jarand Felland: Bygningsvernssenter 2021 må leggjast inn. Foreslår 250 000,- omdisponert kr 250´ frå 1134 myndigheitskontakt. Forbruk 2020 og behov 2021 blir avklara før tingmøtet. Samrøystes vedteke.

Jon Rikard Kleven: Prosjekt om spesialundervisning. Det er utvikla eit etter- og vidareutdanningstilbod gjennom USN. 30 studieplassar á 40 000,-. USN ynskjer ein garanti for finansiering på 900 000,-. Samrøystes vedteke.

Beate Marie: Om finansiering og framdrift av småbruksprosjektet. Foreslår auke på kr. 160.000,- (totalt 300 000,-) frå disp.fond til småbruksprosjekt i 2021. Nedstemt, med leiar si dobbeltstemme.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet tilrår at Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2021, med desse endringane:*

Garanti på 900 000,- til etter- og vidareutdanningstilbod, ved eventuell bruk av fondsmidlar.

Omdisponering på 250 000,- frå 1134 myndigheitskontakt til Bygningsvernssenter.

-

52/2020 Drøftingsnotat - Fylkesvegane og rullering av ATP (areal- og transportplanen)

Børge Skårdal la fram saka og gjorde greie for notatet.

Innspel i møtet:

- Må sikre at fylkeskommunen bidreg til tettstads- og samfunnsutvikling i Vest-Telemark
- Sams vegadministrasjon og regionreform har gjort samarbeidet med fylkeskommunen meir krevjande
- Diskusjon om kva prosjekt og konsept ein skal løfte fram.
- Viktig med forankring og forståing i fylkeskommunen, om ein skal lykkast.

**Vedtak:** *Administrasjonen og AU jobbar vidare med saka.*

53/2020 Framlegg til møtekalender 2021

Regionrådsleiar la fram saka.

Beate Marie Dahl Eide: Framlegg om å flytte AU-møtet i februar til 2. mars, og rådsmøtet i mars til 16. mars.  
Framlegg om å flytte AU-møtet i september til 5. oktober, og rådsmøtet i oktober til 19. oktober.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2021, med 1 veker forskyving på AU/rådsmøte i mars og oktober.  
Når det gjeld lokalisering av råds- og tingmøta skal desse rullerast som i dag.*

54/2020 Framlegg til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 8. desember 2020

Regionordførar la fram saka.  
Småbruksprosjektet bør kome før budsjettet.

**Vedtak:** **Forslag til sakliste til møte i Vest-Telemarktinget blir vedteke med endringa over.**

55/2020 Eventuelt

Ingen eventuelt saker.



Kommunar i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mats Øivind Willumsen, 33371155

## Søknadsinvitasjon prosjektskjønnsmidlar 2021

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inviterer kommunane i Vestfold og Telemark til å søke om tilskot til moderniseringsprosjekt i 2021. Det er sett av 9 mill. kroner av skjønnsmidlane til dette føremålet.

For 2021 vidarefører vi same tildelingsmodell som tidlegare, der midlar blir tildelt dei fire regionråda i gamle Telemark fylke, medan kommunane i gamle Vestfold fylke blir tildelt midlar etter søknadsrunde.

De ulike tildelingane blir likevel noko justert. Det har både samanheng med at den totale ramma til prosjektskjønnsmidlar er redusert frå 11 til 9 mill. kroner, og at tildelinga har vore svært ujamn med omsyn til talet på kommunar og innbyggjarar.

Tildelinga til kvart regionråd blir slik:

Vest-Telemark (Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Vinje og Tokke)	1,1 mill. kr
Midt-Telemark (Midt-Telemark og Nome)	1,0 mill. kr
Kongsbergregionen (Tinn, Hjartdal og Notodden)	1,0 mill. kr
Grenland (Skien, Porsgrunn, Siljan, Bamble, Kragerø og Drangedal)	2,2 mill. kr

Regionråda må søke om prosjektskjønnsmidlar til sine prosjekt innanfor den tildelte ramma i Isord.

For kommunane i Vestfold blir ramma til prosjektskjønnsmidlar 3,7 mill. kroner i 2021. Kommunane må som vanleg søke om midlar i Isord.

Dersom kommunar frå Vestfold og Telemark saman søker om midlar til et prosjekt, kan det aktuelle prosjektet få midlar både frå den avsette potten til Vestfold-kommunane og frå tildelinga til regionråda i Telemark. Kommunen/-ane i Vestfold må i så fall på vanleg måte søke om midlar til prosjektet gjennom søknadsrunden i Isord, medan kommunen/-ane i Telemark går gjennom sin vanlege prosess i regionrådet/-a før tildeling i Isord.



Søknadsfristen er satt til 5. februar for regionråda i Telemark fylke 5. mars for kommunane i Vestfold.

Regionråda i Telemark kan legge inn søknader i Isord frå og med i dag, men på grunn av avgrensingar i Isord-portalen må kommunane i Vestfold vente med å legge inn sine søknader til *etter* 5. februar.

### **Tildeling i kommande år**

Frå og med 2022 vil heile ramma til prosjektskjønnsmidlar bli tildelt etter ein felles søknadsrunde for alle kommunane.

Dette betyr ikkje at kommunane i Telemark ikkje kan søke saman med dei andre kommunane i regionråda, eller at dei ikkje kan gjere det med regionråda som overbygning. Men søknadene vil bli vurdert opp mot andre søknader, og ev. tildeling vil komme som eit resultat av ein slik prosess.

Vi oppmodar kommunane til å gå saman om å søke prosjektskjønnsmidlar.

### **Nærare om prosjektskjønnsmidlane**

Føremålet med prosjektskjønnsmidlane er å gje kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar på sine utfordringar. Midlane skal med andre ord fungere som risikoavlastning for kommunane for å kunne jobbe med innovasjon. Føremålet til prosjekta må vere å styrke kommunane i rollene som tenesteproducent, styresmaktsorgan, lokaldemokratisk arena eller samfunnsutviklar. Prosjekta kan omfatte alle tenestemråda i kommunen.

Det skal ikkje bli gitt tilskot til ordinær drift, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal heller ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt, fordi dette vil kunne overlappe med fylkeskommunen sine verkemidlar og skape uklarleik om ansvarsfordelinga mellom statsforvaltaren og fylkeskommunen.

For å få tildelt prosjektmidlar må søknaden innehalde ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan. Kommunen må beskrive sine utfordringar, og vise til klare mål for kva den vil oppnå med prosjektet. Kommunen må òg grunngje valet av verkemidlar/løysningar som skal bli testa ut i prosjektet.

Vi understrekar at det berre er kommunar som kan søke om prosjektskjønnsmidlar og stå som ansvarleg for prosjektet. Men kommunane kan gjerne samarbeide med eksterne aktørar. Fleire kommunar kan òg søke om tilskot saman.

### **Oppfølging av prosjekt**

For å sikre overføringsverdi mellom kommunane og ein bevisst ressursbruk, skal resultatene av prosjekta bli dokumentert. Statsforvaltaren skal gjere ei vurdering av prosjekta og om dei har overføringsverdi til andre kommunar. Det krev rapportering.

Statsforvaltaren skal formidle resultatene frå prosjekta til andre kommunar og stimulere til læring og erfaringsutveksling mellom kommunane.

Statsforvaltaren kan, i samråd med kommunane, vurdere å bruke skjønnsmidlar til å evaluere prosjekt kommunane har gjennomført, for eksempel som grunnlag for erfaringsutveksling.



## Søknads- og rapporteringsportalen Isord

Kommunane søker og rapporterer, og statsforvaltaren tildeler og evaluerer, i søknads- og rapporteringsportalen Isord. Vi kan framleis bli kontakta for spørsmål om bruk av Isord.

Isord finn de på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>.

På <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentlig> kan de sjå kva for prosjekt som er tildelt tilskot. Vel fylke og årstal.

For spørsmål om Isord, og andre spørsmål om tildeling av prosjektskjønnsmidlar, kontakt Mats Willumsen, tlf. 33 37 11 55.

## Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vil i tildelinga leggje vekt på følgjande høve

- Prosjekt med klare mål, med god forankring organisatorisk og politisk, og ein prosjektplan som òg har eit opplegg for å bruke prosjekterfaringar i ordinær drift og styringssystem etter prosjektperioden
- At kommunane i tillegg bruker eigne ressursar på prosjekta
- For kommunar som er i ein vanskeleg økonomisk situasjon vil fokus på kostnadseffektivitet og tiltak som kan gje betre økonomistyring bli særleg vektlagt
- Felleskommunale prosjekt vil, under elles like vilkår, bli gitt prioritet, fordi læring mellom kommunane er viktig og fordi fleire deltakarar ofte gjer innovasjonsarbeidet større kraft
- For prosjekt som blir søkt vidareført frå 2020 er det krevd ei utgreiing om gjennomføring og oppnådde resultat til no, i tillegg til øvrig prosjektplan. Vi legger til grunn at kommunane gjer slike søknader prioritet i 2021

Prosjekt kan gå over meir enn eitt år, men det kan berre bli gitt tilskot for eitt år av gangen.

Søknadene må vere forankra i kommunen si sentrale leiing, og bli lagt inn med anbefalt prioritering. Endeleg tildeling kan avvike frå kommunane si prioritering, fordi mange omsyn skal avvegast og ivaretakast.

Søknadene skal innehalde følgjande:

- Prosjektkostnadar og finansiering, kommunal eigenandel og ev. andre finansieringskjelder
- For felleskommunale prosjekt må ein av kommunane ta på seg ein økonomisk vertskommunefunksjon og motta det eventuelle tilskotet.
- Ein prosjektansvarleg som kan vere kontaktperson for vidare oppfølging

Med helsing

Fred-Ivar Syrstad (e.f.)  
fagdirektør

Mats Øivind Willumsen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Søknad – Telemark utviklingsfond

<b>Søknadsnr.</b>	2021-0003	<b>Søknadsår</b>	2021	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Telemark Utviklingsfond			
<b>Prosjektnavn</b>	Bø veka - møteplass for distriktsutvikling			

### Kort beskrivelse

Bø veka skal være en årlig nasjonal møteplass mellom ulike aktører; kommuner, næring, sivilsamfunn og kunnskapsinstitusjoner. Fokus er på politikk utforming, innovasjon og bærekraft i regional utvikling, basert på lokale tradisjoner, globale trender og sterkt tversektorielt samarbeid. Veka skal være bredt anlagt med et tematisk innhold som kan bidra til å øke kunnskapsutvikling og nettverksbygging mellom de ulike aktører med et særlig fokus på økt verdiskaping og sterk involvering av ungdommen.

### Prosjektbeskrivelse

Mulighetsbildet for Bø veka som en arena for regional verdiskaping

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ambisjon om å være en sterk utviklingsaktør med mål om å stase på nærings- og verdiskaping, innovasjon og kompetanseutvikling.

Midt-Telemark Kommune ønsker med dette prosjekt å sette distriktsutvikling høyt opp på agendaen. Bø veka skal være en årlig nasjonal arena hvor sentrale aktører innenfor steds- og distriktsutvikling, samfunns- og næringsliv møter hverandre og folk, for debatt og innspill til utforming av distriktpolitikk for nåtid og framtid. Bø veka er partipolitisk uavhengig, og har som mål å styrke troen på bærekraftig utvikling av småsteder og distrikter basert på kunnskapsdeling, nettverksbygging og forskningsbasert erfaringsutveksling.

Hovedmålet med Bø-veka er å øke fokus på innovasjon og bærekraft i hele regionen. Gjennom nettverk og samarbeid på tvers av sektorer settes fokus på det mulighetsrommet som finnes for å bidra til økt attraksjonskraft: økt tilflytting, økt kompetanse, øking i arbeidsplasser samt å jobbe for at unge flytter tilbake etter endt utdanning. Det er også et mål å øke ungdommens interesse for politikk og medvirkning i lokalsamfunnet.

Veka skal være møteplass mellom politikk, næring og forskning med tanke på tradisjon, innovasjon, bærekraft og regional utvikling. Veka skal bidra til å øke kunnskapsutviklingen mellom forskere og brukere og derigjennom bidra til å skape grønne løsninger, grunnlag for bedre folkehelse, økt kompetanse og nyskaping. Veka skal være en arena for presentasjon av vellykkete prosjekt som styrker samhold, inkludering og utnyttelse av lokale ressurser på måter som bidrar til utviklingen av tettsteder og distrikter i tråd med FN's bærekraftsmål.

Veka i seg selv skal skapes gjennom et samarbeid med mange aktører; kommunene i distriktet, næringslivet, kunnskapsinstitusjonene, videregående skoler, reiselivsbedrifter og så videre. Midt-

Telemark Kommune står som arrangør, men veka kan kun bli en suksess med bred involvering fra hele distriktet.

Bø veka var tenkt å ha sin oppstart i 2021. På grunn av pandemien har arbeidet med å utrede innhold og planer for arrangement blitt utsatt. For tiden pågår et arbeid om en NRK sendt partilederdebat fra Bø (Gulbring kulturanlegg) før sommeren. Debatten blir start på årets valgkamp og skal ha tema distriktpolitikk. Det er spilt inn til NRK at kommunen kan bidra med eksempler på lokale distriktpolitiske tiltak som har gitt gode sysselsettingseffekter. Det ventes endelig avklaring fra NRK i løpet av kort tid. Dette evt arrangementet vil være en symbolsk start på det årlige arrangementet Bø-veka. Tilrettelegging for arrangement vil gjøres av Midt-Telemark kommune i samarbeid med lokale aktører som bl.a. Universitet i Sør-øst Norge (USN) og Telemarksforskning.

Prosjektet det søkes midler nå er arbeidet med å planlegge oppstart av årlig arrangement Bø-veka fra våren 2022. Bø-veka er tenkt å være et samarbeidsprosjekt mellom Midt-Telemark kommune (MTK), USN, lokalt næringsliv, Midt-Telemark Næringsutvikling (MTNU), Vest-Telemark rådet, Vestfold og Telemark Fylkeskommune (VTFK) og Statsforvalteren.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Midt-Telemark kommune Org.nr:920297293	Bøgata 67 3800 BØ I TELEMARK	40871029
<b>Kontakt- person</b>	Mona Slaaen	Bøgata 67 3800 BØ I TELEMARK	40871029
<b>Prosjekt- leder</b>	-	-	98649474

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Bø-veka er inspirert av Arendals-uka. Uka er tenkt å være en årlig møteplass der distriktpolitikk, distriktsutvikling og bærekraftig omstilling er hovedtema.

### Prosjekt mål

Bø-veka gjennomføres våren 2022.

Organiseringen av Bø-veka er på plass

Fremtidig finansiering er avklart

Skape grunnlag for økt attraksjon i form av økning av innbyggertall og økning i arbeidsplasser.

### Forankring

Midt-Telemark kommune er prosjekteier

### Prosjektorganisering

I utgangspunktet er det tenkt å søke midler til en prosjektleder som i samarbeid med en definert

styringsgruppe foreslår og implementerer prosjektorganisering og fremtidig finansiering i samsvar med prosjektets målsettinger.

### **Samarbeidspartnere**

Vest Telemark rådet

Nome kommune

Notodden kommune

Tinn kommune

Midt-Telemark Næringsutvikling

Visit Bø

Visit Telemark

Vestfold og Telemark Fylkeskommune

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Dyrskuen

Universitetet i Sør-øst Norge

Ungdomsråd

Distriktssenteret

Videregående skoler i fylket

Telemarksforskning

Lokal finansnæring

### **Aktiviteter**

Politiske debatter

Fagseminar

Stands for grundere som har lyktes.

Arena for ungdom (elevbedrifter, unge i politikken, Ung Arena, unges påvirkningskraft ift samfunnsutvikling)

Møteplasser (tverrsektorielt få frem merverdi for at mennesker møtes på tvers av fag, sektorer alder)

### **Målgrupper**

Politikere og byråkrater

Innbyggerne

Ungdom

Forskere og kunnskapsutviklere

Næringsliv

Grundere

### **Resultat**

Gjennomføre Bø-veka våren 2022.

Gjennom prosjektperioden etablere en organisasjon som er finansielt bærekraftig og inkluderer medvirkning fra ulike regionale aktører.

Markedsføre Bø-veka som et nasjonalt arrangement.

Øke ungdommens interesse for politikk og medvirkning i lokalsamfunnet.

### **Effekter**

Bø veka skal være en arena og arrangør for å synliggjøre og argumentere for kunnskapsbaserte tiltak som kan bidra til økt sysselsetting i distriktene både i offentlig og privat sektor.

Bø-veka skal bli et naturlig møtested for sentrale samfunns- og utviklingsaktører for å presentere og diskutere distriktpolitiske utfordringer.

Bø-veka skal bli et naturlig møtested for fagmiljø som jobber med distriktpolitisk FOU arbeid.

Bø-veka skal bli et møtested for presentasjon av vellykkede distriktpolitiske tiltak

Bø-veka skal bli et møtested for grundere som har lyktes i distriktene.

Bø-veka skal bli et møtested for politisk engasjert ungdom.

Økt attraksjonskraft for regionen og fylket som helhet.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Detaljert tidsplan

Mai 2021 Tilsette prosjektleder

August 2021 - Vedta prosjektorganisering og kick off/møte med samarbeidspartnere

September 2021 - Utarbeide søknader om finansiell støtte

Oktober 2021 - Budsjettedtak og foreløpig rammeprogram for veka. Politisk behandling i MTK.

Oktober 21 - januar 22 - Konkretisering av tiltak (program, nettside og markedsføring).

Januar 22 - Endelig program for Bø-veka er klart

Februar 22 - mai 22 - Planlegging for arrangementet

Mai 22 - Bø veka

**Kostnadsplan**

Tittel	2021	2022	2023	SUM
01.Personalkost	470 000	800 000		1 270 000
02.Innkjøpte tjenester	50 000	100 000		150 000
03.Utstyr	50 000	50 000		100 000
04.Andre kostnader	50 000	100 000		150 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>620 000</b>	<b>1 050 000</b>		<b>1 670 000</b>

Prosjektleder er beregnet i 100 % stilling i perioden 01.05.21 - 31.12.22, med forventet årslønn kr 600.000. Innkjøpte tjenester; her er det snakk om kjøp av annen kompetanse ved behov (digitale flater, markedsføringstjenester m.v.

Andre kostnader; div utgifter på informasjon og drift

**Finansieringsplan**

Tittel	2021	2022	2023	SUM
*01.Telemark Utviklingsfond	580 000			580 000
02.Annen offentlig finansiering	445 000	445 000		890 000
03.Privat finansiering	100 000	100 000		200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 125 000</b>	<b>545 000</b>		<b>1 670 000</b>

Det søkes om fullfinansiering fra TUF i 2021 for å skape forutsigbarhet i prosjektet.

Annen offentlig og privat finansiering gjelder søknader om midler fra andre offentlige og private instanser.

**Geografi**

800-Telemark

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato

## Sak 04/2021 Høringsuttale til ny fylkeskommunal kulturstrategi

### Bakgrunn

Forslag til den fyrste kulturstrategien for Vestfold og Telemark for 2021–2024 er lagt ut på høyring med frist 8. februar 2021. Kulturstrategien er eit politisk vedteke dokument som formidlar kulturpolitikken i Vestfold og Telemark gjennom felles mål, prioriteringer og tiltak, og kommuniserar korleis fylkeskommunen skal utøve sin rolle som regional utviklingsaktør på kulturområdet.

Strategiforslaget har tittelen «*Vestfold og Telemark – der mennesker møtes. Kulturstrategi 2021–2023*». Tittelen er meint å gjenspegle den viktige funksjonen og effekten kultur har i eit samfunn og på enkeltmenneske.

Kulturstrategien bygger på det regionale kunnskapsgrunnlaget i dokumentet *Ditt og mitt Vestfold og Telemark*, som Vest-Telemarkrådet vedtok ei uttale til i rådsmøtet 21. mai 2019. Kulturstrategien er og forankra i *Å utvikle Vestfold og Telemark – verdiskaping gjennom grønn omstilling. Regional planstrategi 2020–2024*, som Vest-Telemarkrådet vedtok ei uttale til i rådsmøtet 1. september 2020.

Forslaget til ny kulturstrategi er delt inn i seks hovudtema:

- Stadsutvikling
- Inkludering
- Kunnskap
- Aktivitet
- Arenaer
- Internasjonalisering.

Kvart hovudtema har mål og tiltak innanfor alle fagområda som sektor for kultur, regional identitet, idrett og frivillighet arbeidar med. Måla beskriver ynskja tilstand innanfor kvart hovudtema ved utgangen av strategiperioden og i framtida. Tiltaka seier korleis måla skal bli nådd.

Det vil bli utarbeidd temadokument for utvalde satsingsområde, her kan nemnast museum, idrett og friluftsliv, kunst, og verdsarv, som skal konkretisere og operasjonalisere strategien. Fylkeskommunen har ambisjon om at Vestfold og Telemark skal vera eit kulturfylke med stor «K». Dette inneber å dyrke den mangfaldige og rike kulturen i fylket, og syte for at innbyggjarar, i alle deler av fylket, har høve til å skape, vise fram og oppleve kunst og kultur av høg kvalitet.

Kulturbegrepet i kulturstrategien inkluderer alle fagområda som sektor for kultur, regional identitet, idrett og frivillighet; allmennkultur, bibliotekutvikling, friluftsliv, kultur- og idrettsfrivillighet, idrett, immateriell og materiell kulturarv, og kunst.

## Høyringsuttale

Denne uttala er utarbeidd i samarbeid med kulturansvarlege i dei seks Vest-Telemarkkommunane.

Utkastet til kulturstrategi framstår som ein solid plan med god struktur som tar føre seg dei viktigaste overordna tema for kultursatsing i fylket. Kulturstrategien er oversiktleg, konkret og kunnskapsbasert. Strategien dekker det aller meste av kulturaspektet, har berekrafts- og grøn omstillingsperspektivet som er i tråd med nasjonale-, regionale- og lokale planar. Ambisjonane er store, men fylkeskommunen si vilje til å gjennomføre tiltaka kjem godt fram, så det er bare å håpe at fylkesbudsjetta framover bidreg til å innfriinnfrir forventningane som her blir skapt.

Vest-Telemarkrådet støttar opp om ambisjonen, og dei overordna politiske måla;

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

Kulturstrategien har tre sentrale målgrupper: fylkespolitikarar, tilsette i fylkeskommunens administrasjon og eksterne kulturaktørar. For å nå måla i kulturstrategien, vert det lagt opp til samarbeid mellom dei tre hovudmålgruppene på tvers av fag, institusjonar, nivå og seksjonar – i respekt for kvarandre sine ulike roller og kompetanse.

Kommunane er ført opp som samarbeidspartnarar, ikkje målgruppe. Det vil kanskje vera meir teneleg om kommunane er ei sentral målgruppe. Kommunane er aktive kulturaktørar på fleire område, her kan nemnast drift av kulturskulen, tildelarar av kulturmidlar, initiativtakarar til kulturarrangement, drivarar og eigarar av idrettsarenaer, ikkje minst har kommunen rolla som tilretteleggar.

Det er viktig for kommunane at fylkeskommunen driv aktivt med nettverksbygging og kompetanseheving ovanfor kommunane og at desse to har eit forpliktande og inkluderande samarbeid.

Kulturskulen er ikkje nemnd i strategien: Her blir det vist til tema om *Inkludering* og *Aktivitet*. Kulturskulen er anerkjent for å vera ein veldig god inkluderingsarena. I tillegg dannar kulturskulen som opplæringsinstitusjonen grunnlaget for å kunne drive talentutvikling som igjen bør vera eit fokusområde i eit kulturfylke. Planen seier noko om grunnlaget for talentutvikling innanfor kultur og idrett, men lite om institusjonane som dannar grunnlaget for talentutviklinga.

I talentutviklinga har og breiddeidretten ei sentral rolle. Her er det dei frivillig organisasjonane som tar ansvar. Morgodagens idrettsutøvar og kunstutøvarar, er dagens barn og ungdom. Eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og ein kulturskule i kvar kommune som har eit høgt fagleg nivå, er av avgjerande betydning for å kunne å skape engasjement og fagleg utvikling i tidleg alder.

Strategien legg opp til samarbeid med dei friviljuge organisasjonane for å nå ein god del av måla. Det vil bli spennande å følgje med på korleis fylkeskommunen vil ta fatt på arbeidet med å stimulere dei friviljuge.

Frivilligsentralane, viktige møteplassar som skapar gode og inkluderande samfunn, bør og bli nemnd i strategien.

Vest-Telemarkrådet legg til grunn at bygningsvernsatsinga i Vest-Telemark blir permanent og at Vest-Telemark Museum blir base for dette arbeidet. Denne satsinga er viktig for å kunne ta vare på og utvikle kompetanse, arbeidsplassar og verdiskaping rundt denne delen av kulturarven.

Ei næring som er i vekst er kulturbasert reiseliv. Med sitt veletablerte reiseliv og si store kulturarv bør fylket ha eit konkurransefortrinn. Difor bør strategien sei noko om korleis fylket skal arbeide vidare for å utvikle mulighetene som ligg i kulturbasert reiseliv.

Under 2.1.2.Tiltak, tema Stadsutvikling, er samarbeide med relevante aktørar om ulike satsingar nemnd:

- o Henrik Ibsen
- o Edvard Munch
- o verdsarv
- o vikingtid og middelalder
- o regionale kulturarrangement

Vi ynskjer at til denne lista vert oppført følgjande:

- Vinje-senteret – eit nasjonalt senter for dikting og journalistikk
  - o Journalistikk
    - Senteret tek utgangspunkt i den skrivne journalistikken i aviser og på nett, men i formidlinga er det også med døme frå radio og fjernsyn. Dette er det første senteret som fortel om journalistikk allment, og det einaste i Norden som tek utgangspunkt i journalistikk, og ikkje mediebruk eller trykke- eller grafikarfaget.
  - o Dikting
    - Senteret vekt på dei skjønnlitterære forteljingane, som kjem i mange former og frå mange stader. Dei dikta forteljingane kan forføre, forundre, forandre og forklare. Vinje-senteret syner fram noveller, romanar og andre forteljingar. Senteret skal fortelje kva skjønnlitteratur tyder for samfunnet.
- Folkekultur – folkemusikk, folkedans, handverkstradisjonar og forteljarkunst
  - o Folkekulturen står sterk i Vest-Telemark og som ein viktig del av identiteten bør den vera eit satsingsområde.
- Frivillighetens år 2022
  - o Året skal sette fokus på det frivillige arbeidet som ein hjørnestein i den norske samfunnsmodellen og vise frem aktiviteten som skjer på frivillig basis i lokalsamfunn i heile landet.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala til ny fylkeskommunal kulturstrategi slik den ligg føre.***



## **Sak 05/2021 Vi har ingen fleire å miste (handlingsplan)**

### **Bakgrunn**

Vest-Telemark har dei siste åra vore råka av fleire alvorlege ulykker knytt til motorisert ferdsel. Arbeidet med haldningsskapande og førebyggjande arbeid mot ulykker, spesielt retta mot born og unge, er avgjerande for å unngå slike hendingar. I Fyresdal jobbar ein systematisk med dette og har ei eiga arbeidsgruppe der kommunen og friviljuge samarbeider.

I Vest-Telemarkrådet den 17. november 2020 orienterte lensmann Sigrid Dahl om temaet. Ho ynskjer ein felles visjon for heile Vest-Telemark: *Null skadde og drepte ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark*, og ein regional handlingsplan som blir forankra breitt. Administrasjonen legg med dette fram ei skisse til korleis eit slikt arbeid kan drivast fram i Vest-Telemark.

### **Plan og prosess**

Det er viktig å understreke at målet ikkje er ein omfattande og detaljert plan, som overstyrer kommunane si rolle i dette viktige arbeidet. Poenget er å strukturere arbeidet kring haldningar og trafikktryggleik, og definere nokre felles ambisjonar. Målet er at ein skal løfte problemstillinga i fellesskap, lære av kvarandre og samarbeide om tiltak. Mykje av den konkrete oppfølginga / tiltaka skjer best ute i den enkelte kommune. Planen bør vere eit verktøy for korleis kommunane kan arbeide operativt med tematikken.

Det blir foreslått å setje ned ei arbeidsgruppe for å styre arbeidet, samansett slik:

- 1 administrativt frå kvar kommune
- 1-2 frå frivillig sektor
- 2 vald frå ungdomsråda i regionen
- 1 frå politiet

Grappa blir koordinert og får sekretærbistand frå administrasjonen i Vest-Telemarkrådet.

I tidleg fase er det viktig å kartleggje det arbeidet som allereie skjer, kva relevante planar som allereie er vedtekne i kommunane (t.d. Trafikktryggleiksplanar og ruspolitiske planar) og erfaringar frå andre kommunar og regionar. Det er viktig å nytte seg erfaringane og det arbeidet som Fyresdal gjer. Ikkje minst er det eit suksesskriterie korleis ein samarbeider med frivillige lag og organisasjonar.

Planen er ikkje heimla i Plan- og bygningslova. Det er viktig å leggje opp til ein brei og inkluderande prosess. Ungdomsråda må få ei viktig rolle. Det bør leggjast opp til innspel både frå dei kommunale ungdomsråda, og frå den regionale samlinga som er planlagt i vår. Planforslaget bør sendast på ope høyring. Kommunane bør handsame planforslaget i t.d. formannskap eller samfunnsutval. Kommunestyra bør handsame endeleg plan, før Vest-Telemarkrådet vedtek planen.

Skisse til oppsett av plandokumentet:

- Visjon og mål
- Om situasjonen no
- Skissere idealsituasjonen
- Haldningar, kultur, kunnskap, handlingar
- Tiltak:

Årshjul-oppbygging:

Tiltak i ulike sektorar, t.d oppvekst og skule

Foreldre og besteforeldre (Foreldremøte etc) - generasjonsfokus.

Profilering (media, sosiale medier)

Få og tydelege mål som kommunane lett kan følge opp.

Planutkastet kan liggje føre tidleg haust 2021, med slutthandsaming i kommunane/rådet før jul 2021.

Det blir undersøkt om det kan søkast eksterne midlar til arbeidet, men dette skal ikkje konkurrere med søknadar til konkrete tiltak som kommunar søker om no. Utarbeiding av planen vil frå rådet si side ikkje medføre dei store kostnadane. Dette vil ein eventuelt kome attende til i revidert budsjett.

Arbeidsgruppa årleg møte for å evaluere og foreslå justeringar av planen.

For å sikre at dette er eit tema som blir løfta på alle nivå jamnleg, bør planen innehalde nokre felles målsetjingar om slike tematiske treffpunkt, til dømes:

- Årleg tema på regionalt ungdomsrådsmøte.
- Årleg tema i kommunestyret eller politiråd.
- Politiet møter i Vest-Telemarkrådet årleg.

**Framlegg til vedtak:**

***Vest-Telemarkrådet startar opp arbeidet med å lage ein plan med visjonen "Null skadde og drepte ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark", slik det er skissert i saka.***

**Sak 06/2021 Teamsmøte med Telemarksbenken**

Det er avtalt møte med Telemarksbenken kl. 16.00 – 17.00. Dette møtet blir på Teams.

Det har vore høve til å koma med innspel til saker til dette møtet pr epost.

Tentativ sakliste er:

1. Statusoppdatering koronasituasjon
  - Kommuneøkonomi under koronakrise
  - Kompensasjonsordningar for næringslivet
  - Smittevernreglar
  - Anna
2. Nasjonal Transportplan 2022-2033
3. Stor nedgang i statlege arbeidsplassar i Vest-Telemark sidan 2000
4. Revidert budsjett 2021

***Framlegg til vedtak:***

**Sak 07/2021      Desentralisert avhør av barn**

I samband med politiet si oppbygging av store og robuste fagmiljø har tenesta for avhør av barn i alvorlege saker blitt lokalisert til Sandefjord.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark er svært godt nøgd med kvalitet på det arbeidet som skjer når tenesta følgjer barn til avhør i Sandefjord. Det som er krevjande for nokre born er kombinasjonen av reiseavstand og tid brukt til dette i tillegg til tida avhøret tek.

Ordføraren i Kviteseid og Barnevernsleiaren i Vest-Telemark har i eit notat til politiet (vedlagt) tydeleggjort behovet for å få på plass ei løysing som gjer det mogleg å gjennomføre slike intervju i Kviteseid.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet er positive til at det blir lagt til rette for desentralisert barneavhør lokalisert til Kviteseid.***

# Styrking av politiet sine høve til å gjennomføre barneavhøyr utanfor Sandefjord.

I samband med politiet si oppbygging av store og robuste fagmiljø har tenesta for avhør av barn i alvorlege saker blitt lokalisert til Sandefjord.

Barnevernet i Vest-Telemark er svært godt nøgd med kvalitet på det arbeidet som skjer når tenesta følgjer born til avhør i Sandefjord. Politiet i Sandefjord er dyktig, og avhøyra fungerer på ein god måte.

Vi opplever likevel at det ikkje er til borns beste med den lange reiseavstanden som det er, når vi må til avhør. Frå ytterkanten av vårt distrikt, til ein kjem fram til Sandefjord, kan det vere mellom 3 til 3,5 timars køyring på normalt føre. Dette er bare for å komme fram til avhør. I tillegg kjem tida ein bruker på avhør, og til slutt køyreturen tilbake. **For nokre born kan dette vere ein stor utfordring.**

Det er stor variasjon på kor mange avhør det er i vårt distrikt kvart år. For dei siste tre heile åra, og fram til 25.01.2020 ser statistikken på saker med vold mot born slik ut:

År / barnevernsteneste	Vest-Telemark	Midt-Telemark - Nome	Tinn	Notodden-Hjartdal
2018	5			
2019	34			
2020	12			
2021 (pr. 25.01.)	3			

Barnevernstenesta i Vest-Telemark har tidlegare vore i kontakt med politiet om ei løysing for å hjelpe dei borna som ein veit vil få problem med å gjennomføre avhør i Sandefjord. Den største utfordringa med å flytte avhøyra, har heile tida vore at det ikkje er tilstrekkelege tekniske løysingar for å ta digitale opptak av avhøret.

I barnevernet sine lokale i Kviteseid er det rom som er bygd for å gjennomføre samtalar med born. Det manglar med andre ord «bare» kamera og opptaksutstyr før politiet kunne flytta personell frå Sandefjord til Kviteseid for å gjennomføre gode barneavhør.

Det bør vere viktig for politiet at det finnast system som kan nyttast dersom den fysiske eller tekniske løysinga i Sandefjord ikkje kan nyttast.

I tillegg til born frå Vest-Telemark kan dette og vere eit godt tilbod for born busett i nabokommunane i Midt-Telemark / Nome, og Notodden, Hjartdal og Tinn. Alle kommunane i øvre Telemark samarbeider om felles ressursteam. Dette ressursteamet er viktig i saker som er så alvorleg at det må gjennomførast avhør av born.

Samtidig ønskjer Kviteseid kommune å legge til rette for lokaliteter, der både politiet og kommunen kan vere lokalisert.

Vi ber politiet på nytt å sjå på om det er mogleg å legge til rette for barneavhøyr desentralisert i Vestfold og Telemark fylke.

Kviteseid kommune og barnevernstenesta i Vest-Telemark ønskjer med dette å bidra til at ei slik løysing kan la seg realisere, og deltek gjerne i eit samarbeid med politiet.

Med venleg helsing

Kviteseid kommune

Bjørn Nordskog

Ordfører

Barnevernssamarbeidet

Gunn Annie Hellestad

Barnevernsleiar